

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 03.01.23  
**SAKSHANDSAMAR:** Hege Etterlid  
**SAKA GJELD:** **Revidert budsjett 2023**

**STYRESAK:** 8/23

**STYREMØTE:** 13.01.23

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2023
2. Styret i Helse Fonna HF gir administrerende direktør fullmakt til å gjere endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret i Helse Fonna HF gir administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar/endingar innanfor ramma av det vedtekne budsjettet
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2022

## 1. Innleiing

Styret i Helse Fonna HF fatta 25.11.22 i sak 82/22 fylgjande vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2023
2. Styret i Helse Fonna HF syner til at Stortinget enno ikkje har vedteke statsbudsjettet for 2023. Difor har heller ikkje Helse Vest RHF fullt oversyn over sine rammer for 2023. Styret vil på bakgrunn av dette leggja opp til full gjennomgang av budsjettet på styremøte 13. januar 2023.
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2022

Administrerande direktør legg på bakgrunn av dette fram oppdatert budsjett der verknadane av statsbudsjettet for 2023 er innarbeidd. Tildeling av rammer frå Helse Vest RHF (styresak 120/22) er lagt til grunn i budsjettframlegget. Med bakgrunn i det strame statsbudsjettet vert budsjettet blir fremja med eit resultat i balanse («0»-resultat). Endeleg resultatkrav vert fastsett i konsernbudsjettsak i februar 2023.

## 2. Budsjettprosess og metode

Budsjettprosessen starta primo juni og føretaket har lagt opp prosessen etter budsjettkalender frå Helse Vest RHF.

Helse Vest legg fylgjande føringar til grunn for handsaminga av budsjettet:

- Helseføretaka skal nytte rammebudsjettering som metode for 2023
- Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav gitt av eigar
- Rammene skal være budsjettert til lågaste organisasjonsnivå i føretaket

Milepælar for budsjettprosessen:

Tidsfrist	Aktivitet	Kommentar
<b>16. juni 2022</b>	Førebels inntektsramme og resultatkrav 2023 fastsett av styret i Helse Vest	Helseføretaka må med utgangspunkt i førebels inntektsfordeling sette i gang budsjettprosessen
<b>August/september</b>	Utarbeiding av budsjett i helseføretaka	
<b>Primo oktober 2022</b>	Statsbudsjett 2022	Gjennomgang og avstemming av føresetnader, aktivitet, prioriteringar, utfordringsbilde og tiltaksplanar
<b>Medio november</b>	Inntektsramme 2023 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 7.12.2022
<b>Nov/Des 2022</b>	Budsjett i HF-a behandla av styret	Styremøte i HF-a
<b>Ultimo november</b>	Budsjett 2023 handsamast i Helse Fonna HF styremøte 25/11-2022	Saka må handsamast med atterhald om endringar i inntektsramme frå Helse Vest RHF
<b>16.01.2023</b>	Budsjett i HF-a ferdig oppdatert og overført til SAP	Klar for gjennomgang og kvalitetssikring
<b>Veke 3</b>	Kvalitetssikring av budsjett i HF-a	

<b>Veke 4</b>	Gjennomgang av resultat frå kvalitetssikring av budsjett	
<b>Februar 2023</b>	Styresak konsernbudsjett 2023	Styret i Helse Vest RHF

I takt med aukande oppgåvemengde og utfordringar i drifta er det stadig meir krevjande å få rammer og inntekter til å strekke til. Enkelte kostnader, som til dømes legemidlar og IKT aukar meir enn prisveksten skulle tilseie. I tillegg er det i 2023 framleis venta press på prisar og i særleg grad gjeld dette innanfor straum og andre energiformer. Arbeid med realisering av gevinstar med ByggHaugesund2020 og IKT-prosjekt må fortsetje med full tyngde.

Det vil vera naudsynt å gjennomføre kostnadsreducerande tiltak for å kome på rett kostnadsnivå. For å sikre gjennomføringsevna av tiltaka har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen gjennom både leiarar, tillitsvalde og verneombod. Budsjettprosessen er gjennomført med fleire handsamingar i dei ulike leiarnivåa for å sikre god og brei forankring av dei prioriteringane som er gjort.

Helse Vest RHF presiserer at dersom helseføretaka ynskjer å prioritere nye oppgåver eller endra behov, må desse finansierast innanfor den økonomiske ramma som er fordelt gjennom inntektsramma.

Revidert budsjett er drøfta med dei tillitsvalde 10 januar 2023 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 12 januar 2023.

Tiltak som krev endringsprosessar vil bli drøfta og gjennomført i tråd med retningsliner for dette. Det vil bli tatt omsyn til arbeidsmiljø, kvalitet og pasienttryggleik i det vidare arbeidet, i samarbeid med vernetenesta og medarbeidarane sine organisasjonar.

### **3. Føresetnader**

#### **Strategi, plan og retning for budsjettet**

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er: Pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørnde (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova).

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjett:

- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Helse 2035
- Utviklingsplan for Helse Vest RHF
- Utviklingsplan for Helse Fonna HF
- Styringsdokumenta til helseføretaka

Dei årlege styringsdokumenta til helseføretaka gjev konkrete føringar og rammer for inneverande år. Mange av føringane i styringsdokumenta må også sjåast i eit lengre

perspektiv og vurderast i økonomisk langtidsplan. Desse overordna lokale og regionale føringane er ivaretekne i budsjettarbeidet.

Statsbudsjettet for 2023 peiker på følgjande satsingsområde:

- Styrke psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling
- Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbedre kvalitet og pasientsikkerhet
- Rask tilgang til helsetjenester og sammenhengende pasientforløp
- Teknologi og digitalisering
- Organisasjon og økonomi

## Resultatkrav

Helse Vest RHF handsama inntektsramme og resultatkrav i styremøte den 07.12.22 i sak 120/22. Helse Fonna HF har oppdatert budsjettet med deflator og dei endringane som gjeld Helse Fonna HF. Endeleg resultatkrav vert fastsett i konsernbudsjettsak i februar.

Pris- og lønsvekst har vore høgare i 2022 enn det deflatoren har dekkja, dette er så langt ikkje kompensert. Det er forventa at løns- og prisvekst i 2023 også vert høgare enn deflator, dette er ein ytterlegare risiko i budsjettet.

Grunna innstramingane i statsbudsjettet vert det no fremja eit budsjett med 0-resultat. Dette kan bli endra etter handsaming av konsernbudsjettet i Helse Vest RHF i februar.

## Inntektsfordelingsmodellen og inntektsramme

Inntektsramma for 2023 er tildelt i samsvar med dei etablerte inntektsfordelingsmodellane mellom helseføretaka i regionen. Tabellen nedanfor syner inntektsfordelinga for Helse Fonna HF og føretaksgruppa etter vedtak i Helse Vest RHF 7.12.22 sak 120/22:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	336 479	-	6 921 084
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 504 836	2 818 737	7 911 927	2 400 432			18 635 932
Resultatbasert finansiering	41 782	17 559	66 865	13 294			139 500
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	494 978	211 513	1 345 177	102 240	636 591	3 747 016	6 537 515
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 841	1 656	0		173 800
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 831

## Aktivitet og inntekt

Basert på bestilling frå Helse Vest RHF, har Helse Fonna lagt inn ein aktivitetsvekst på 1,5 prosent frå 2022 til 2023.

Utrekning av overslagsløyving for 2023	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Bestilling 2022	93 912	43 106	152 714	29 060	16 765	3 514	339 070
Aktivitetsvekst 1,4% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP	1 596	388	2 443	232	235	53	4 948
Overført fra basis til ISF (legemidlar, telefonkonsultasjonar, utførande personell)	724	393	949	243			2 309
Rehab overført ISF	141	77	185	47			450
<b>Overslagsløyving for 2023 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk</b>	<b>96 373</b>	<b>43 963</b>	<b>156 291</b>	<b>29 584</b>	<b>16 999</b>	<b>3 566</b>	<b>346 776</b>
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 456	-202	-4 048	-572	0	0	-6 278
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	5 459	1 868	3 564	1 840	0	2 000	14 731
DRG-poeng, eigne pasientar hos Feiring							0
<b>Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest</b>	<b>100 376</b>	<b>45 629</b>	<b>155 807</b>	<b>30 852</b>	<b>16 999</b>	<b>5 566</b>	<b>355 229</b>
Overslagsløyving DRG poeng frå HOD							354 863
Forskjell							366

Ved fastsetting av basisramma er det lagt til grunn at den forventede aktivitetsauken blir kompensert tilsvarende 80 prosent som eit anslag for marginalkostnad på auka aktivitet.

Inntekter fordelt utanfor modell er i hovudsak vidareført på 2022 nivå, med ein auke på 50,8 MNOK i høve til 2022, der dette er dei største endringane:

- Pensjon 48 MNOK
- Sikkerheitspsykiatri 3,3 MNOK
- Behandling av seksuallovbrot dømde 3,1 MNOK
- Psykisk helsevern 4,3 MNOK

Inntektene frå Helse Vest blir med desse endringane 3 953 millionar kroner som er lagt til grunn i budsjettet. I tillegg er det lagt inn ISF-inntekter for psykisk helsevern på 57,2 millionar kroner. Desse inntektene er ikkje med i tala i tabellane ovanfor. Samanlikna med 2022 blir det ein nominell auke i inntekter frå Helse Vest på 3,2 prosent for Helse Fonna HF.

### 4. utfordringar

Heilt sidan 2017 har det innanfor somatikk vore høgare vekst i personalkostnader enn i den inntektsgivande aktiviteten. Med pandemien i 2020 og 2021 har gapet mellom personalkostnader og inntektsgivande aktivitet blitt større. Dette gir utfordringar etter pandemien då alle ekstra midlar blei fjerna frå 2022, medan føretaket sitt kostnadsnivå fortsatt ligg høgare enn dei normaliserte rammene tillèt. I samband med pandemien er det til dømes etablert vaktordningar som berre delvis er avvikla til no. Vi veit også at det fins ein del følgjekostnadar av pandemi og beredskap som heller ikkje er talfesta eller registrert. Alt dette bidrar til at vi i 2022 har hatt for høg styringsfart for kostnadane i føretaket. Som følgje av dette har det vore satt i gang fleire tiltak.

Vi ventar - og det vert forventet - eit høgt aktivitetsnivå i 2023. Føretaket har framleis etterslep, auka ventelister og fristbrot. Samstundes kjem det signal om auka aktivitet i bestillinga for 2023, noko som samla legg opp til ein situasjon med svært høg

kapasitetsutnyttning. Det knyter seg stor usikkerheit omkring kostnadsbildet i dette, då auka aktivitet berre vil bli kompensert ut frå ein marginalkostnad på 80 prosent.

Planar for gevinstrealisering i samband med nytt bygg ligg til grunn for rammene som er gitt ut til klinikkane og dette er innarbeidd i budsjettforslaget.

Varekostnadane aukar utover aktivitetsveksten. Dette gjeld særleg innanfor legemidlar, kreftlegemidlar og behandlingshjelpemiddel. Vi ventar ein auke for desse kostnadselementa.

Kostnadane med legemiddel på H-resept er redusert i høve til budsjett 2022.

Det er signalisert ein auke i kostnadar knytt til kjøp av IKT-tenester på omlag 11,6 millionar kroner som vil bli utfordrande i den økonomiske situasjonen føretaket er i. Dette er ikkje endelege tall frå Helse Vest IKT og det kan koma endringar.

Ut frå desse rammene anslår vi likevel at føretaket har ei samla utfordring på om lag 100 millionar kroner i 2023 budsjettet. Klinikkane har fått styrka sine rammer ut over dei opphavelige rammene slik at det overordna risikobiletet er redusert.

Tala i budsjettet byggjer på vedtak i styret i Helse Vest RHF 7.12.22 sak 122/22. Vedteke statsbudsjett inneber eit stort nedtrekk for heile spesialisthelsetenesta i Norge. Løns- og prisvekst inneverande år er ikkje kompensert, noko som vil utgjere eit nedtrekk på om lag 100 MNOK berre for Helse Fonna, og aukar risikoen tilsvarande. Nedtrekket fører til at administrerande direktør i dialog med organisasjonen, eigar og styre må sjå på ytterlegare kraftige tiltak som til dømes strukturelle tiltak, endra tenestetilbod, endring av opptaksområder, endring av vaktordningar og liknande. Ingen av slike tiltak er undersøkt eller planlagd no, ein vil måtte kome tilbake med diskusjonar og prosessar om dette skulle bli naudsynt.

##### **5. Føretaket si handtering av utfordringane**

Drift av tre somatiske sjukehus med akutfunksjonar fører til at det er etablert mange vaktlag for å dekke øyeblikkelig hjelp funksjonar på alle lokalitetar. Kompetansen og bemanninga som er nødvendig for beredskapen ved desse sjukehusa gjer at Helse Fonna må tydeleg prioritere kjerneverksemd i budsjettet for 2023.

Den største kostnaden i budsjett for 2023 er personalkostnadar. Dette er området som peikar seg ut med størst risiko. Det må i 2023 vere kontinuerlige endrings- og forbetningsprosessar for å tilpasse bemanninga til drifta på sengepostane i Helse Fonna. Trenden viser at det er færre pasientar som får døgnbehandling i sjukehus, medan fleire får poliklinisk behandling. Dette må ligge til grunn for både drift og planlegging.

For å ta ned risikoen for overforbruk av personalkostnader er det i budsjettet lagt inn konkrete tiltak for å halda veksten på planlagt nivå gjennom kontinuerleg arbeid med å tilpasse bemanning til drift.

Medisinsk utvikling og endring i tenestetilbodet som følgje av betre samhandling med kommunane skal bidra til å redusere personalkostnadar i sjukehus i 2023. For pasientane vil dette kunne gje raskare medisinsk avklaring og kortare liggetid.

Kreftpasientar i pakkeforløp skal prioriterast, medan pasientar i behov av mindre inngrep og/eller ikkje akutte inngrep/behandingar vil kunne oppleve lengre ventetid. Det vil bli arbeidd for å ha kortare ventetid enn dei nasjonale målkrava innanfor både somatikk og psykisk helsevern. Basert på erfaring og forskingsbasert kunnskap vil arbeidet med å gi pasientane behandling i poliklinikk eller dagbehandling i staden for i sjukehusseng halde fram.

Det er innanfor somatisk behandling lagt opp til reduksjon i gjennomsnittleg liggjetid som følgje av raskare medisinsk avklaring for den enkelte pasient, medisinsk utvikling og auka samhandling med kommunane om bruk av kommunalt tilbod.

Det er viktig å unngå overbelegg og korridorpatientar på sjukehusa i Helse Fonna. Det er sett i verk tiltak for å sikre at pasientar skal unngå å ligge i korridoren når dei treng sjukehusopphald. Betre intern samhandling mellom einingane i sjukehusa, og på tvers av sjukehusa i føretaket, skal bidra til dette.

Det blir arbeidd kontinuerleg for å redusere sjukefråværet i Helse Fonna. Lågare sjukefråvær vil gi ein økonomisk gevinst. Dette gjeld særskilt for Haugesund sjukehus, der det er lagt inn gevinstar for lågare sjukefråvær med nytt bygg.

Det vil i 2023 framleis vere viktig med kvalitetsforbetring for å betre nytte pleieressursane på best mogleg måte. Ei kontinuerleg utvikling innanfor IKT og tilhøyrande organisasjonsutvikling, færre pasientar i sjukehus og medisinsk utvikling vil alle føre til endring i bruk av pleieressursane til beste for pasientane. Dette er venta å gi økonomisk effekt. Ei samordning av ressursar knytt til poliklinikk og døgntilbod basert på kor pasienten blir behandla vil og vere viktig for å nå økonomiske måla for 2023.

Effekten av samhandlingsreforma og samarbeid med kommunar er forventa å gi redusert bruk av senger ved sjukehusa gjennom auka bruk av kommunale ØH-senger og ved at ferdigbehandla pasientar får eit kommunalt tilbod.

I 2022 har føretaket hatt for høge personalkostnadar og mindre inntekter enn planlagt. Grunna pandemi har det òg vore høge kostnadar til varekost som til dømes laboratoriekostnadar. Utgifter til medikament og gjestepasientkostnadar har vore høgare enn

budsjettert. Føretaket har sidan mars 2022 arbeidd med å redusere styringsfarten med ei rekke tiltak. Tiltaka er lagt fram for styret i april (sak 23/22) og september (sak 57/22) og vil bli vidareført i 2023.

Tiltaka har hatt tre hovudmål:

- Auke aktivitet (ISF inntekt)
- Avvikle ekstra lønsavtalar som til dømes «koronaavtalen»
- Reduksjon av månadsverk (ekstra bemanning pga. korona)

Administrerande direktør tilrår vidare følgjande tiltak i 2023

- Reduksjon av senger på ortopedisk og gastro-urologisk sengepost Haugesund sjukehus sommaren 2023
- Stenging av gynekologisk sengepost, Haugesund sjukehus heile ferieperioden 2023
- Samedagsmottak i operasjonsavdelinga vil redusere belastninga på sengepost før pasientane skal til operasjon
- Auke delen av dagkirurgiske forløp
- Auka bruk av telefon/video konsultasjonar
- Fokus på rett koding gjennom kurs/opplæring/kontroll
- Nytte observasjonsplassar
- Samdrift av medisinske sengepostar og reduksjon tal senger ved spesialisert rehabilitering og kirurgisk sengepost Stord sjukehus om sommaren 2023
- Reduksjon av elektiv drift ved Stord sjukehus i sommarperioden 2023
- Forbetring av pasientforløp og logistikk
- Styrking av det polikliniske og ambulante tilbodet innanfor både psykisk helsevern, rus og somatikk, slik at behovet for innleggingar vert redusert
- Fagrådsvurdering av behandlingshjelpemidlar
- Justering av bemannings- og tenesteplanar
- Innføring av kapasitetsmøte på føretaksnivå for utnytting av ressursar på tvers av klinikk og sjukehus
- Bruke erfaringar frå tidlegare års ferieavvikling i planlegging av bemanning i ferien 2023 for å redusere bruk av innleige og overtid

I planlegging og gjennomføring av endringane vil administrerande direktør ta omsyn til arbeidsmiljø, pasienttryggleik og kvalitet.

## **Dei ulike klinikkane**

### Klinikk for psykisk helsevern

Oppdragsdokumentet til helseføretaka legg føringar for ytterlegare styrking av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Spesielt vert det peika på behov for å styrke utgreiings- og behandlingstilbodet innanfor barne- og ungdomspsykiatri og innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Innanfor vaksenpsykiatri vert det lagt til grunn at dei distriktpspsykiatriske sentra skal vidareutvikle sitt behandlingstilbod med vekt på ambulante tenester og førebygging av akuttinnleggingar. Helseføretaka skal vidare sikre tilstrekkeleg døgnkapasitet og utvikle det sikkerheitspsykiatriske tilbodet.



Det har vore ein auke i tilvisingar på om lag 20 prosent til psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling dei tre siste åra. Samtidig har det vore ei utvikling med aukande press på det sikkerheitspsykiatriske behandlingstilbodet på sjukehusnivå og ved psykosepoliklinikkane på DPS nivå. I aukande grad har ein fått komplekse pasientforløp der pasientane har ein samtidig psykoseliding, rusavhengighet og voldsproblematikk.

Budsjettet for 2023 gjev avgrensa rom for satsing på nye utgreiings og behandlingstilbod innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Døgntilbodet og det polikliniske tilbodet innanfor barne- og ungdomspsykiatri vil bli ytterlegare styrka med nye behandlarstillingar. Dette er i tråd med oppdragsdokumentet og nødvendig vurdert utifrå den auka innsøkinga til fagområdet. For å nå dei regionale målkrava med omsyn til ventetid samt følgje opp føringar i oppdragsdokumentet om å sjå alle tilviste pasientar, er det behov for å auke kapasitet utover det ein har lagt til grunn for i budsjett, men budsjettet gir ikkje full moglegheit til å nå dette i 2023.

I høve til vaksenpsykiatri er føretaka blitt tilført nye midlar knytt til sikkerheitspsykiatri. Dette vil bli brukt til å utvikle det sikkerheitspsykiatriske tilbodet både på sjukehus-nivå og på DPS-nivå. For å ivareta pasientane og sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø har ein i budsjett for 2023 ytterlegare styrka grunnbemanning ved lokal sikkerheitspost. Vidare har ein lagt til rette for vidare utvikling av ambulant sikkerheitsteam og tilført ressursar til psykosepoliklinikkane på DPS-nivå som gjer dei betre i stand til å følgje opp dei sikkerheitspsykiatriske pasientforløpa. Samla sett vil dette vere eit monaleg løft for det sikkerheitspsykiatriske tilbodet i klinikken.

Det er og meldt inn behov for ombygging av lokal sikkerheitspost ved Valen med sikra uteområde. Dette ligg inne i føretaket sitt langtidsbudsjett, og er heilt nødvendig for å sikre adekvate behandlingslokale for pasientane og sikre arbeidsforhold for våre medarbeidarar.

Innanfor allmennpsykiatri ved dei distriktspsykiatriske sentra har auken i tilvisingar og lav kapasitet medført aukande ventetider og fristbrot. Hovudutfordringa har vore manglande rekruttering av psykiatrar og psykologspesialister samt tilgang på behandlingslokale. Det er ikkje funne rom for å styrke det allmennpsykiatriske tilbodet med fleire fagstillingar ved dei distriktspsykiatriske sentra.

Innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling er hovudfokus i 2023 på å få godkjenning som utdanningsinstitusjon for den nye spesialiteten innanfor rus og avhengigheitsmedisin samt etablere LIS-3 stillingar. Føretaket har berre ein spesialist innanfor rus- og avhengigheitsmedisin og er i behov av å rekruttere og utdanne nye spesialister. Det vil i budsjett for 2023 bli lagt til rette for å rekruttere ytterlegare ein spesialist i rus- og avhengigheitsmedisin ved Haugaland DPS. Haugaland DPS vil då kunne søkje om godkjenning som utdanningsinstitusjon. Klinikken vil då kunne tilby større deler av spesialistutdanning innanfor rus- og avhengigheitsmedisin ved Stord DPS og Haugaland DPS. Det vil i sin tur leggje

til rette for å etablere fleire LIS-3 stillingar ved dei godkjente utdanningsinstitusjonane. I budsjett for 2023 er det tilført ein LIS3 stilling til SDPS som allereie er godkjent utdanningsinstitusjon.

For 2023 er det lagt føringar for at helseføretaka skal etablere felles tilvisingssenter for alle private avtalespesialistar. Helse Fonna avventar eventuell finansiering av den nye ordninga frå Helse Vest.

Dei siste åra har det vore ein monaleg auke i kostnader knytt til fritt behandlingsval (FBV) og gjestepasientordninga. FBV ordninga skal avviklast i 2023, men det er då grunn til å tru at det vert auka press på gjestepasientordninga. Med noverande budsjettramme vil ein måtte kutte i eige behandlingstilbod om kostnadane for FBV og gjestepasient held seg på 2022-nivå. I budsjett for 2023 er det difor lagt inn fleire tiltak for å redusere kostnader knytt til gjestepasient. Som hovudregel skal ein nytte behandlingstilbod i eige føretak eller gjennom dei avtaler Helse Vest har med private ideelle.

Utvikling av digitale behandlingstilbod er etterspurt frå befolkninga og nødvendig dersom helseføretaket skal kunne greie å oppretthalde noverande tenestetilbod i framtida. I budsjett for 2023 er det lagt til rette for å oppretthalde satsing på E-meistring samt aktiv deltaking i prosjektet Ung-meistring.

For å kunne utvikle det ambulante tilbodet i klinikken i tråd med føring i oppdragsdokumentet, er det behov for ytterlegare investeringar i bilar. Dette er meldt inn i samband med føretaket sitt investeringsbudsjett og det er funne rom for å prioritere bilar til ambulant sikkerheitsteam.

#### Medisinsk klinikk Haugesund og Odde

Utviklinga i det økonomiske resultatet overordna i klinikk for medisin har gjennom fleire år vore negativ, og risikobilete for budsjett 2023 er høgt. Framleis påverkar koronapandemien drifta og det økonomiske resultatet, spesielt knytt til lønnskostnader. Dyre kompensasjonsavtalar er avvikla og fleire tiltak er innførte, men høg beleggspersent, dyre løysningar for å dekke opp fråvær på sengepostar og store prosessar knytt til bygg og IKT-innføringar gir svært høg risiko. Høgast risiko er knytt til drift av Odde sjukehus og medisinsk intermediær overvaking ved Haugesund sjukehus.

Vedvarande auke i kostnadar for legemiddel gir også høg risiko. Det er kontinuerleg fokus på bruk av dei billegaste legemidla på marknaden, men nye patenterte medisinar med god effekt blir stadig tilgjengeleg, og gir auka kostnad. I nokre tilfelle kan kostnadar for legemiddel til ein pasient være to millionar kroner per år.

Rekruttering av naudsynt personell vil være hovudfokus i klinikken for 2023.

Det er stor tru på at innføring av heiltidskultur og at tiltak rundt faste stillingar vil gi betre rekruttering, og at dette skal gi betre kontroll på lønnskostnadar.

Det har vore høgt fokus på rett koding av aktivitet i medisinsk klinikk, og klinikken har hatt ei jamn auke i DRG-indeks siste fire år. Også i 2023 er det ambisjon og planar på å levere auka DRG-indeks. Nasjonale endringar i vekting reduserer utteljinga samanlikna med tidlegare år, men ein ser framleis stort potensial på inntektssida.

Arbeidet med å endre pasientforløpa i tråd med nasjonale føringar held fram. Dreieing frå døgn til dag, poliklinisering, bruk og innføring av digitale løysingar og flytting av tenesta ut til pasienten vert jobba med kontinuerleg. På fleire område er det marginale ressursar for å få til desse endringane, der hovudutfordringa på nokre område er rekruttering av legespesialistar og LIS. Ein annan viktig føresetnad er å ha tilstrekkeleg kapasitet i støttetjenester frå laboratorium og røntgen. God rekruttering, god utnytting og planlegging av dei ressursane vi har inklusiv rett oppgåvefordeling mellom ulike faggrupper, og naudsynte omprioriteringar ut frå den til ei kvar tid rådande situasjon, må vere på plass.

Medisinsk klinikk deltek i ulike kliniske studiar, og det er eit mål om å auke deltakinga. Slike studiar kan fremme rekruttering og styrke fagmiljø, auke inntekter og redusere legemiddelkostnad. Samstundes må ein prioritere innsats for å får dette til, i form av lege- og sjukepleieressursar og naudsynt areal til gjennomføring.

Avdeling for habilitering, læring og meistring vert styrka med éin million kroner for å halde fram med pågåande opptrappingsplan habilitering.

#### Klinikk somatikk Stord

Klinikken har som mål å klare å rekruttere inn i ledige overlegestillingar og andre ledige stillingar som genererer bruk av vikarbyrå. Det vil redusere utgifter til innleige frå byrå.

Betre kodepraksis og opplæring for å sikre rett koding vil auke inntekta, noko koderevisjonar i samband med tertialavslutningar har vist i inneverande år. Klinikken har løypande dialog med kirurgisk klinikk ved Haugesund sjukehus for at pasientar som ventar på behandling ved Haugesund sjukehus kan få denne behandlinga ved Stord sjukehus.

Klinikken vil ved betre ferieplanlegging ta ned behovet for dyre løysningar med innleige og bruk av vikarbyrå.

#### Kirurgisk klinikk

Klinikken vil fortsatt ha et fokus på effektive pasientforløp og eit tiltak er å auke talet på pasientgrupper som slepp innlegging før og etter operasjonar ved bruk av mellom anna samedagsmottak.

Budsjettet legg til rette for ein viss auke i talet på operasjonsteam for å unngå at pasientar blir liggande for lenge og vente på operasjon. Dette vil redusere overbelegg og liggetid på sengepostane.

Gjennom samarbeid med Odda og Stord sjukehus vil klinikken leggje til rette for at pasientar kan få raskare behandling ved betre utnytting av operasjonskapasiteten på tvers i føretaket.

Klinikken vil arbeide for å rekruttere og tilsetje i ledige stillingar for å unngå innleie frå byrå. Klinikken har dei siste åra hatt høg merksemd på å rekruttere til vidareutdanning innanfor spesialsjukepleiar som anestesisjukepleie, intensivsjukepleie, operasjonssjukepleie og jordmor. Dette for å unngå innleie grunna ledige stillingar.

Klinikken har fokus på rett koding og sikre at det er god nok kompetanse i forhold til koding.

Innkjøpslojalitet og informasjon om inngåtte innkjøpsavtalar er og eit område klinikken har fokus på.

Klinikken arbeider kontinuerleg med å redusere ufrivillig deltid ved å tilby fulle stillingar.

#### Klinikk for medisinske tenester og beredskap

Klinikken har merksemd på rett servicenivå til rekvirentar innanfor alle område og spesielt innanfor radiologi og laboratorietenester. Klinikken vil utvide tilbodet på analysar til interne og eksterne rekvirentar. Det er tatt i bruk eit svært moderne, automatisert laboratorium. Repertoaret vil bli utvida, og ein ventar at fleire rekvirentar vil nytte laboratoriet.

Det er forventa at nye, gode lokale og automatiserte arbeidsprosessar vil ha positiv verknad på arbeidsmiljø og sjukefråvær.

Det vil i 2023 bli arbeidd i klinikken med å vidare ta ut gevinstar som ligg i planane for byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus.

## **6. Mogelegheiter**

Nokre tiltak i 2023 er:

### **Styrking habilitering**

Habilitering blir styrka med 1 MNOK som følgje av regional plan for opptrapping av habilitering.

### **Opptrapping psykisk helsevern og rus**

Føretaket har i samsvar med føringane i statsbudsjettet for 2023 styrka psykisk helsevern og rus med 1,5 MNOK til å styrke rusfeltet.

### **Satsing på gode pasientforløp**

Satsinga på gode pasientforløp held fram med fortsatt dreining frå seng til stol og dagkirurgi. Fleire pasientar skal komme direkte til operasjonsavdelinga på operasjonsdagen for å sleppe å bli lagt inn på sjukehuset dagen før. Eventuelle nye pakkeforløp vil bli implementert. Klinikken for Kirurgi blir styrka med operasjonssjukepleiar og tiltak for poliklinikk, dagbehandling og fristbrot, til saman 1,5 MNOK.

### **Rehabilitering**

Klinikk for Somatikk Stord blir styrka med lønsmidlar til logoped, 0,4 MNOK for å leggje til rette for god, tverrfagleg rehabilitering.

### **Satsing på heiltid**

Det er fleire forhold som peikar på at heiltidsstillingar er ei nødvendig satsing for å behalde, utvikle og rekruttere fagpersonell. Medarbeidarundersøkinga for 2022 viste at fleire peikte på høg arbeidsbelastning og manglande ressursar for å gjere jobben sin. Helse Fonna har ein større del medarbeidarar i deltidsstilling som ynskjer høgare stillingsprosent. Ein av fem overordna risikoar som føretaksgruppa i Helse Vest peiker på er ekstern turnover. Desse faktorane har gjort at administrerande direktør har sett i gang eit arbeid for å auke stillingsprosent og heiltid for medarbeidarar. Arbeidet må intensiverast ytterlegare i 2023. I dette arbeidet er det sentralt å vidareutvikle flyt av personell og kompetanse på tvers av einingar og internt i einingane. Dette kan krevje endring i kompetanse hos tilsette, og vil bli arbeidd vidare med. Framover blir det viktig å intensivere arbeidet med å bruke rett kompetanse til dei ulike oppgåvene og å sikre god kompetanseutvikling og –samansetjing (-miks) på tvers av yrkesgrupper/profesjonar.

### **Utdanning av spesialsjukepleiarar**

Utdanningskapasiteten, særleg innanfor intensivsjukepleie og jordmor, må fortsatt styrkast. Ordninga med utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar/jordmor i Helse Fonna HF blir vidareført.

### **Traineeordning**

Føretaket vidarefører ordninga med traineesjukepleiarar som rekrutteringstiltak.

### **Bemanningscenteret**

Bemanningscenteret skal bidra til effektive bemanningsløysingar gjennom fleksibilitet i bruk av pleieressursar. Ordninga blir vidareført, samtidig som ein vil arbeide med vidareutvikling av bemanningscenteret sine oppgåver.

### **Satsing på forskning**

I 2023 er det fokus på å auke talet på kliniske behandlingsstudiar og tal på pasientar som får tilbod om å delta i slike studiar. Føretaket har eigen bioingeniør tilsett i forskingsavdelinga frå januar 2023 og onkologisk dageining er styrka med 20 prosent studiesjukepleiar. Dette har

vore mogleg på grunn av tildeling av regionale midlar. Eigenfinansiering av forskingsprosjekt som òg får regionale midlar er vidareført med 1,2 MNOK.

### Systemansvar for nye IKT system

Føretaket får stadig fleire IKT system til forvaltning. Systemansvarsoppgåva skal mellom anna bidra inn til å optimalisere bruken, gi opplæring og delta i regionale fora. Med bakgrunn i dette har føretaket overført noko ressursar frå prosjekt til forvaltning.

## 7. Resultatbudsjett

Helse Fonna HF	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Endring	Endring i %
ISF egne pasientar	1 028 983	870 193	-158 790	-15,4 %
ISF egne pasientar behandla i andre regionar/private	39 769	32 976	-6 793	-17,1 %
ISF egne pasientar psykiatri	53 418	57 260	3 842	7,2 %
Kvalitetsbasert finansiering	16 227	17 559	1 332	8,2 %
Basisramme	2 531 501	2 818 737	287 236	11,3 %
Øyremerkta midlar	1 620	2 348	728	44,9 %
<b>Sum inntekter fordelt etter modell</b>	<b>3 671 518</b>	<b>3 799 073</b>	<b>127 555</b>	<b>3,5 %</b>
<b>Sum inntekter fordelt utanfor modell</b>	<b>159 261</b>	<b>211 513</b>	<b>52 252</b>	<b>32,8 %</b>
<b>Sum inntekter frå HV</b>	<b>3 830 779</b>	<b>4 010 586</b>	<b>179 807</b>	<b>4,7 %</b>
Andre behandlingsrelaterte inntekter	167 002	170 740	3 738	2,2 %
Gjestepasientinntekter eksternt	12 641	13 310	669	5,3 %
Andre inntekter	42 786	45 364	2 578	6,0 %
<b>Sum egne inntekter</b>	<b>222 429</b>	<b>229 414</b>	<b>6 985</b>	<b>3,1 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4 053 208</b>	<b>4 240 000</b>	<b>186 792</b>	<b>4,6 %</b>
<b>Kostnadsbudsjett</b>				
Løns- og personalkostnader ekskl. reiser	2 687 920	2 801 047	113 127	4,2 %
Varekostnad	504 753	521 194	16 441	3,3 %
Gjestepasientkostnad eksternt	106 101	100 370	-5 731	-5,4 %
Gjestepasientkostnad intern i regionen	65 509	57 070	-8 438	-12,9 %
Andre driftskostnader	495 865	507 263	11 398	2,3 %
Avskrivningar/nedskrivningar	197 033	213 375	16 342	8,3 %
Netto finans	16 027	39 681	23 654	147,6 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>4 073 209</b>	<b>4 240 000</b>	<b>166 791</b>	<b>4,1 %</b>
<b>Resultat/resultatkrav</b>	<b>-20 000</b>	<b>0</b>	<b>20 000</b>	<b>-100,0 %</b>
<b>Resultatgrad</b>	<b>-0,50 %</b>	<b>0,02 %</b>		

### Inntekter

ISF-inntekter for egne pasientar i eige føretak i budsjett 2023 er basert på aktivitet planlagt ut frå bestillinga frå Helse Vest for 2023, og gjeldande einingspris er nytta. Det er lagt opp til at psykisk helsevern og rus skal ha ein høgare vekst enn somatikk.

ISF-inntekter for eigne pasientar behandla i andre regionar er i samsvar med føresetnadene frå Helse Vest. Rammetilskot er budsjettert i tråd med tildelt ramme frå Helse Vest RHF.

Dei behandlingsrelaterte inntektene (ekskl. ISF) er venta å gå opp med 2,2 prosent i forhold til budsjett 2022. Dette er i tråd med signaler i statsbudsjettet og kjem i hovudsak av auka poliklinisk aktivitet både innanfor somatikk og psykisk helsevern som gjev høgare inntekter frå eigenandelar.

### **Kostnadar**

Budsjettet er lagt i tråd med den planlagde aktiviteten i dei ulike einingane. I dette ligg det ein forventet reduksjon i kostnadsnivå på grunn av stadig betre avtalar for varekost som er med på å holde den totale varekostnaden nede. Særleg innanfor H-resept er det forventet at varekostnaden går ned. Grunna generell prisstigning er det likevel lagt opp til ein varekostnad i 2023 som er 3,3 prosent høgare enn budsjettet for 2022.

Personalkostnadane for 2023 er auka med netto 3,9 prosent i høve til budsjettet for 2022. Bemanningsplanane i klinikkane er tilpassa aktiviteten som er planlagt på dei ulike einingane, og arbeidet med gevinstrealisering held fram inn i 2023. Tala indikerer også ei planlagt normalisering frå ei drift som har vore tungt påverka av pandemisituasjonen.

Andre driftskostnadar (ADK) er totalt auka med 11,3 millionar kroner i budsjett 2023 i forhold til fjoråret. Føretaket får ein auke i kostnadane til driftsavtalen med Helse Vest IKT på om lag 11,6 millionar kroner. Elles er det mindre justeringar på enkeltpostar i budsjettet.

Avskrivningane er basert på den faktiske bokførte anleggsverdien i tillegg til investeringar planlagt i 2023. Det er i hovudsak ombyggingane i samband med nybygget i Haugesund med utstyr som gjer at avskrivningane aukar med 16,3 millionar kroner.

### **Finanskostnadar**

Rentenivået er på veg opp, og netto finans aukar som følgje av auka rentenivå. Dette kan også treffe helseføretaket og dei langsiktige låna vi har frå Helse Vest. I årsbudsjettet for 2023 er det teke høgde for ny oppjustert rentebane der flytande rente er sett til 3,1 prosent, medan fastrenta er på 3,37 prosent. Netto finanskostnadar aukar med 23,6 MNOK.

### **8. Risiko**

Med usikkerheit i verdsbiletet (krigen i Ukraina), høg inflasjon og sannsynleg høgare energikostnadar, vil risikoen i budsjettet for 2023 vere høgare enn tidlegare år.

Det fleire typar risiko relatert til drifta i føretaket. I budsjettsamanheng har ein vurdert risiko som sjanse for ikkje å nå budsjettmål. Føretaket har i modellen nytta ein skala frå ein til ti, der ti er høgaste risiko for at elementet inntreffer og ein er lågaste risiko. Risikoen er uttrykt i estimert kroneverdi, og størrelsen på denne kombinert med sjanse for at det inntreffer utgjer

risikoelementet. Risikoelementa som er identifisert vil krevje tett oppfølging frå føretaksleiinga og den enkelte klinikk.

Føretaket har gjennom budsjettprosessen fortløpande nytta risikovurdering av dei forskjellige forslaga til budsjett som metode, og styrka dei områda som har hatt høgast risiko i prosessen. Innleiingsvis blei det påpeika eit utfordringsbilete på om lag 100 MNOK. Med dei skisserte tiltaka er risikoen redusert til om lag 68 MNOK.

Vedteke statsbudsjett medfører at inntektene ikkje vil dekke forventa kostnader grunna ikkje kompensert pris- og lønsvekst, og vil for Helse Fonna utgjere om lag 92 MNOK.

Administrerande direktør vil kome tilbake med forslag til ytterlegare tiltak i samråd med organisasjonen, eigar og styre. Det vil vere vanskeleg å foreslå tiltak som berre baserer seg på dagens driftsform.

### **Risikoelement:**

#### **Personalkostnader i forhold til aktivitet**

Med ein høgare vekst i personalkostnader enn i den inntektsgivande aktiviteten innanfor somatikk dei siste fire åra vil dette gje utfordringar etter pandemien når ekstra midlar blir fjerna, medan føretaket sitt kostnadsnivå fortsatt ligg høgare enn dei normaliserte rammene tillèt.

Etter innflytting i nytt bygg med stor auke i faste kostnader og dei endringane som er lagt til grunn, er det ein ytterlegare risiko med å oppnå planlagt gevinstrealisering ved sida av å halde veksten i personalkostnadane nede på planlagt nivå i forhold til aktiviteten.

Risikoen for personalkostnader er i 2023 sett til 45 MNOK. Stadig større utfordringar knytt til rekruttering av nøkkelpersonell bidrar til dette.

#### **Rekruttering**

Helse Fonna driv til saman fire sjukehus med akuttfunksjonar, med ressurskrevjande parallelle vaktlinjer, noko som krev at det til ei kvar tid er tilgjengelig naudsynt kompetanse på kvar enkelt stad. Dei mindre sjukehusa har små og sårbare fagmiljø, som i større grad gir rekrutteringsutfordringar. Utfordringane med å skaffe tilstrekkelig fagpersonell, både overlegar, LIS, psykologspesialistar og spesialsjukepleiarar/jordmødrer har blitt meir krevjande dei siste åra. Dette gir risiko i budsjettet, då manglande rekruttering til stillingar må løysast i drifta med mellombels løysingar i form av overtid og høg bruk av vikarar og vikarbyrå. Stabilt personale, god rekruttering, utdanning av eigne spesialistar, heiltidsstillingar, betring av arbeidsprosessar, hensiktsmessig arbeidsdeling og kompetansebygging er tiltak som skal bidra til å gjere personsituasjonen mindre sårbar.



### **Varekost**

Varekostnadar og spesielt bruken av eingongsutstyr, laboratorieutstyr, H-resept legemiddel, kreft-legemiddel og behandlingshjelpemiddel, er stadig veksande. Dette er positivt for pasientane, men medfører ein betydeleg kostnadsauke for føretaket og bidrar til eit budsjett med stramme prioriteringar og knapphet på ressursar til andre viktige føremål. På lengre sikt kan ikkje denne trenden fortsetje og vi må halde fullt fokus på potensialet som ligg i nye regionale og nasjonale avtaler, for å hente inn noko av kostnadsveksten innanfor desse områda. Risikoen er vurdert til 6 MNOK.

### **Behandlingshjelpemiddel**

Det har vore auke i kostnadane til behandlingshjelpemiddel dei siste åra. Det vert kontinuerleg arbeida med gode arbeidsprosessar og det er innført fagrådvurderingar av utlevering av behandlingshjelpemiddel for å sikre rett nivå. Det er likevel en risiko for at kostnadane neste år blir høgare en budsjettet, den estimerte risikoen er på 7 MNOK.


### **Energi**

På straum og andre former for energi som føretaket treng svært mykje av til lys og varme har det sidan hausten 2021 vore ein prisauke. Helse Vest forhandlar fram avtalar for alle sine føretak, og energiprisane for det komande året ser ut til å lande på eit vesentleg høgare nivå enn vi til no har vore vant med. Estimert risiko er på 10 MNOK.

### **Ikkje kompensert løns- og prisvekst**

Statsbudsjettet for 2023 kompenserer ikkje fullt ut for løns- og prisvekst i 2022. Dette utgjør om lag 92 MNOK for Helse Fonna. Ved å redusere resultatkravet frå 8 MNOK (frå førebels inntektskrav i juni) til 0 MNOK reduserer ein risikoen tilsvarande. Estimert risiko er sett til 84 MNOK.

## Risikomatrise



Risikoelement	Sannsyn	Estimert verdi, MNOK
Personalkostnad	8	45 000
Behandlingshjelpemiddel	9	7 000
Varekostnad	6	6 000
Energi	5	10 000
<b>Sum</b>		<b>68 000</b>